

miljøpartiet
dei grøne

bømlo

VALPROGRAM

2019 - 2023


KVEN ER DEI GRØNE?

Miljøpartiet Dei Grøne har eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse som mål. Økonomien skal underordnast sunne og berekraftige prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt.

Me tek mål av oss å utforme ein heilskapleg politikk for notid og framtid, basert på tre grunnleggjande solidaritetsprinsipp; solidaritet med andre menneske, solidaritet med framtidige generasjonar, og solidaritet med dyr og natur.

Me har fokus på miljøvern og berekraftige løysingar, og set samspel mellom menneske, natur og biomangfald i sentrum for politikken.

Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein viktig føresetnad for å nå måla våre.



NATURVERN

På Bømlo har me kort veg til naturen. Natur og grøntområde er viktig både for trivsel og livskvalitet, men òg for psykisk og fysisk helse, og det er difor viktig å forvalta naturen på ein god måte. Miljøpartiet Dei Grøne har som utgangspunkt at menneske ikkje står heva over naturen, men er ein del av han. Vern av biologisk mangfald krev vern av leveområder og då er det ein føresetnad at me klarar å la enkelte av naturområda våre vera frie for inngrep.

Menneskelege aktivitetar utryddar no plante-, fiske- og dyrearter i større og større grad. Dette skjer òg i Noreg, og stadig fleire artar vert truga. Det må takast omsyn til biomangfald i utbyggjingssaker.

Bømlo skal framleis vera ei øy der ein både nyt og nyttar naturen.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Vera svært restriktive til byggjing i landbruksareal, urørte strandsoner og naturområde. Utbetra eksisterande vegnett i staden for byggjing av nye trasear. Setje ned eit eige utval for å lage ein plan for jordvern.
- At offentlege planar tek omsyn til naturtypar og biologisk mangfald. Kartlegga naturtypar og biologisk mangfald på Bømlo.
- Oppgradering av leidningsnettet for kloakk som lek ut i ferskvatn og utsette fjordområde. Nulltoleranse for utslepp. Rehabilitering av gytebekkar.
- Nei til bru over Bjørnafjorden
- Unngå bruk av plantegifter. Dette gjeld ikkje berre i landbruket, men òg i skjøtselen av offentleg eigedom og langs offentlege vegar.
- Etablering av dyrepoliti

LANDBRUK OG TRYGG MAT

Den reelle sjølvforsyninga i Noreg minkar. Utmarka gror igjen, og stat og kommune går ikkje av vegen for å leggja den beste matjorda under asfalt og betong. Det har blitt stadig vanskelegare for bøndene å leva av inntektene på garden, og dei fleste bøndene som er att på Bømlo kan nærast reknast for idealistar – det er andre ting enn god timeløn som driv dei. Dette har resultert i lågare sysselsetting i landbruket og nedlegging av både små og store bruk. Miljøpartiet Dei Grøne meiner at bondeyrket framleis er av dei viktigaste, og at gjennomsnittsbonden må få vesentleg betre tilrettelegging for drift.

Det lokale landbruket må produsera trygg mat med minst mogleg slitasje på natur, klima og ressursar. Med trygg mat meiner me mat som ikkje inneheld helse- eller miljøskadelege stoff. Det er viktig at maten vert produsert på ein berekraftig måte, der ein nyttar dei naturgjevne vilkåra og det lokale ressursgrunnlaget. Utviklinga i landbruket nasjonalt og internasjonalt er skremmande. Me får stadig nye rapportar om dyr som er berarar av antibiotikaresistente bakteriar. Dette skuldast fôring med vekstfremjande stoff og for mange dyr per kvadratmeter. Me vil arbeida for ein trygg matproduksjon der vekstfremjande stoff i fôr er forbode og der dyrevelferd får meir fokus.

Det er viktig med eit levande landbruk som kan produsera kortreist og trygg mat. Småskalaproduksjon må kunna marknadsførast og omsetjast i den lokale marknaden. Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for at det på Bømlo vert betre kontakt mellom bønder og forbrukarar, og generelt meir open forbrukarinformasjon om maten me et.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Kartleggja all dyrka og potensiell dyrkbar jord. Arbeida for ein nullvisjon for nedbyggjinga av matjord. Tungtvegande samfunnsinteresser eller behov på garden må vera einaste unntak.
- Auka talet på aktive bruk ved å leggje betre til rette for bønder og småbrukarar
- Arbeida for å auka bruken av lokale utmarksbeiteressursar
- Leggja til rette for meir parteigarlandbruk og kolonihagar
- Støtta lokal matproduksjon og system for sal av denne, slik som REKO-RINGEN
- Redusera kasting av mat, blant anna gjennom å oppretta sentralar for utdeling av mat og en avgift på matkasting.
- Ta omsyn til dyrevelferd, trygg og kortreist mat ved kommunale innkjøp
- Arbeida for at økologisk mat skal verta lettare tilgjengeleg i lokale butikkar
- Tilby kurs om sunn og berekraftig mat og matproduksjon, til kommunalt tilsette og andre interesserte.

FISKERI OG HAVBRUK

Havområda rundt Bømlo rommar enorme naturverdiar og viktige ressursar.

Fiskerinæringa er ein arbeidsplass og kulturberar, som er eit grunnlag for berekraftig næringsverksemd og matproduksjon i framtida. I dag tillèt styresmaktene stadig vekst i oppdrettsnæringa utan å stille tydelege miljøkrav. Dette påfører samfunnet store tap i form av ureining av fjordar, vassdrag og økosystem, og er ein kritisk trussel mot sjøaure og villaks.

Miljøpartiet Dei Grøne vil jobbe for å gjere dagens ureinande oppdrettsnæring til å bli ei rein næring for framtida, ved til dømes å utvikle lukka anlegg, som løyser problem med rømming, lakselus og utslepp. Dersom produksjonen i næringa skal oppretthaldast må òg fôrråvarene som vert nytta vere berekraftige. Me vil difor arbeide for ei oppdrettsnæring som ikkje bidreg til overfiske, og me vil hindre at lakseføret vert dyrka på areal som kan nyttast til menneskemat.

Ureininga frå oppdrettsanlegga rårar i særskilt grad sårbare fjordar og vassdrag. Bømlo er i risikosona med vår vakre skjergard. Me meiner at fiskeri og oppdrett må produsere trygg mat med minst mogleg slitasje på natur, klima og ressursar. Produsentane må gjerast i stand til å ta ansvar for god kvalitet, levere varer lokalt og bidra til ei berekraftige næring.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Arbeide for strengare krav til oppdrettsnæringa, der eit alternativ er lukka anlegg
- Fremje lokal produksjon av mat ved å styre offentlege innkjøpsavtalar mot lokale leverandørar og lokal produksjon
- Sikre trivsel hjå oppdrettsfisk, mellom anna ved å innføre lågare maksimumsgrenser for talet på fisk i kvar merd
- Oppfordre til lokal satsing på utnytting av alger og annan vegetabilsk sjømat
- Oppretta fiskerisamvirke etter modell frå landbruket, med vekt på foredling og distribusjon av lokal, fersk fisk
- Fremje lokal landing av fisk og andre produkt frå næringane, slik at større delar av verdiskapinga skjer lokalt, og vegen til forbrukaren vert kort
- At lokalsamfunna må takast med i forvaltinga av dei marine ressursane
- Etablere støtteordningar og krav til monitoringsystem av vasskvalitet og forureining rundt oppdrettsanlegg

KUTTE KLIMAUTSLEPP

Konkrete tiltak og aktive handlingsval er viktigare enn nokon gong for å stoppe pågåande klimaendringar. Både politiske reguleringar og den makta me alle har til å velje miljøvennlege løysingar i kvardagen er viktige. Dei Grøne har fokus på livskvalitet framfor aukande forbruk. Me ynskjer at Noreg skal visa i praksis at eit berekraftig samfunn er positivt - til beste for alle. Ein framtidsretta politikk krev nytenking og endringar på mange felt.

Miljøpartiet Dei Grøne vil gje Noreg ei fornybar framtid. Bruk av olje, gass og kol står i dag for hovuddelen av dei menneskeskapte klimaendringane, og vil ikkje kunne vere grunnlaget for ei framtidig berekraftig forvaltning av jorda. Bømlo er ein «oljetung» kommune, der mange av innbyggjarane arbeider direkte eller indirekte i næringar knytt til denne industrien. Det vert difor naudsynt med smidig overgang til meir framtidsretta industri og næringsliv på Bømlo.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Stille krav om at klimapunkta vert fylgt opp i dei ulike kommunale planane
- Arbeide for å få ein eigen klima- og miljørådgjevar i kommunen.
- Setje ned eit eige utval for å lage ein plan for klimatilpassing i Bømlo.
- Setje som mål at alle kommunale einingar vert miljøsertifisert. Få på plass plastsortering i kommunale institusjonar.
- Setje krav til plusshus for alle nye kommunale bygg
- Gje fleire utvalde hamner må få landstrumanlegg. Arbeide for elektrifisering av nærskipsflåten og byggje ut elektrisk infrastruktur.
- Legga til rette for grøn industriutvikling, til dømes biogass og service knytt til havvindkraft og elektrifisering av nærskipsflåten.
- Halde utlånsentralen BUA ved like. Arbeide for å få inn verktøy til utlån.
- Legge til rette for meir gjenbruk og reparasjon
- Styrke lokale næringar og fremje lokal vareproduksjon
- Erklære klimakrise

NÆRINGS LIV

Livskraftige lokalsamfunn treng livskraftig næringsliv. Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer å leggje til rette for berekraftige og miljøvenlege arbeidsplassar i nærmiljøet.

I eit berekraftig samfunn må me sørge for at levebrødet vårt kjem frå fornybare energikjelder. I ein overgangsperiode der fornybar energi gradvis erstattar fossil energi, må me jobbe for å erstatta oljebaserte arbeidsplassar som går tapt grunna lågare aktivitet i næringa. Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo ynskjer å leggje til rette for grøn innovasjon.


I ein grøn kvardag vil kommunen kunne fungere som rådgjevar og pådrivar for å påverke folket og lokalt næringsliv i forbruk og åtferd. Det er viktig å skape markadar for grønne produkt og etableringshøve for grønt næringsliv.

Kommunen bør bidra til teknologiutvikling for verksemder med store miljøutslepp.

Lokalt næringsliv må få informasjon om støtteordningar for miljøteknologi.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Ha mål for nye grønne arbeidsplassar og etablering av miljøvennleg næringsliv
- Gjere det attraktivt for verksemder med lokalt eigarskap å etablere seg i Bømlo
- Arbeide for at lokalt entreprenørskap får gode rammevilkår
- At ufaglærte får høve til å ta fagbrev eller relevant høgskuleutdanning



GRØN SAMFERDSLE

Eit grønt samfunn må ha eit berekraftig transportsystem. Den grønne samferdslepolitikken handlar om å redusera transportbehovet, om å ta i bruk ny teknologi og om å leggja til rette for eit godt og mangfaldig kollektivtilbod. God samferdslepolitikk må òg vera god miljøpolitikk. Miljøpartiet Dei Grøne vil difor prioritera dei transportmåtene og dei køyretøya som slit minst på miljøet og natur. Me vil kjempa for å halda på fordelane ved bruk av elbil. Dette er viktig for å få eit skifte til miljøvenleg transportteknologi. Natur- og miljøomsyn må vega tungt ved trasèval for nye vegar. Og sykkelstiar eller fortau må byggjast ut langs heile vegen.

Me vil ha ein kommune med innbyggjarar som syklar og går, dette er bra både for klimaet og folkehelsa. Me vil difor ha eit nett av sykkelvegar, og dette må inkluderast i planlegginga og gjennomføringa av «Bømlopakken». På den måten vert sykling over større avstandar praktisk og trygt, og det vert enkelt og trygt for born på veg til skule.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Arbeida opp mot fylke og stat for å halda på fordelane med elbilar. Arbeida for fleire offentlege ladepunkt for elektriske bilar, og for at mange fleire parkeringsplassar vert reservert for dei
- Arbeide for betre og meir miljøvennleg kollektivtilbod, som app'en "Hent meg".
- Arbeida for betre korrespondanse mellom buss- og båtruter. Fase ut bussar som nyttar fossilt brennstoff og gå over til bussar med miljøvennlege framdriftssystem (t.d. biodrivstoff eller elektrisitet).
- Arbeida for at drosjar og kommunale bilar tek i bruk meir miljøvennlege framdriftssystem
- Auka kosting, brøyting og vedlikehald av sykkel- og gangvegar/fortau
- Byggja ut gang- og sykkelvegar/fortau slik at alle får ein trygg skuleveg på Bømlo
- Arbeide for betre kvalitet og merking av sykkelstiar. Arbeida for fleire og tryggare sykkelparkingsplassar, både ved store verksemder, ved skulane, ved butikkar og ved trafikkknutepunkt som Gassasundet og Føyno.
- Støtteordning til felleskjøring
- Fase ut salting av vegar til fordel for oppvarma sand og andre miljøvennelege alternativ

LIVSKVALITET

Dei Grøne ønskjer å legge til rette for meir fritid framfor meir forbruk, fleire gode opplevingar framfor stress og prestasjonsjag. Me vil leggja til rette for at lokalsamfunna på Bømlo skal ha livskraft og vera gode stader å bu. Målet må vere at ingen skal føle seg utanfor, men at Bømlo ska vere ein trygg og inkluderande stad for alle.

Å lytte til fagmiljø og forskning er sentralt i grøn politikk. Dette gjeld også innan helse, oppvekst og kultur. Å sjå heilskapen i eit menneskeliv er også viktig, og førebygging er eit sentralt prinsipp for oss.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Skape fleire gode sosiale møteplassar i nærmiljøa, som parkar tilrettelagt for ulike aktivitetar, som til dømes leikeplassar
- Gi frivillige organisasjonar gratis eller rimelege møtelokale. Gjere lokale i skular, kommunehus, ungdomsklubbar og aktivitetshus meir tilgjengelege
- Styrke frivilligheita, særleg den som førebygger utanforskap
- Legge til rette for eit inkluderande arbeidsliv, som eit betre dagtilbod for utviklingshemma
- Arbeide mot ufrivillig deltid og legge til rette for større valfridom kva gjeld deltid
- Sikre tilgang til strandsona for alle

HELSE OG OMSORG

Miljøpartiet Dei Grøne vil ha ein langsiktig og heilskapleg politikk, og ynskjer å leggja til rette for god fysisk og psykisk helse. Då er det viktig å ha ei sterk skulehelseteneste og sterke helsestasjonar. Me ynskjer å støtta aktørar som tilbyr ulike lavterskeltilbod, samt arbeida for fleire helsefremjande arbeidsplassar. Me vil leggja til rette for at dei med redusert arbeidsevne kan få jobba med tilpassa, meningsfullt arbeid.

Me vil auke ressursane til psykisk helsevern, slik at ein får tilfredsstillande behandling og oppfølging. Dette gjeld òg om tilstanden er knytt til eit rusproblem. Førebygging av rusproblem og psykiske sjukdommar må prioriterast.

God fysisk og psykisk form er viktig både for unge og gamle. I eldreomsorga vil me arbeida for best mogleg helse lengst mogleg. Feil bruk av legemiddel fører til mykje unødig liding kvart år. Me vil arbeida for at Bømlo kommune implementerer verktøya som ligg i Pasientsikkerhetsprogrammet «I trygge hender 24-7». Dette gjeld mellom anna samstemming av legemiddellister mellom omsorgsnivå, slik at t.d. fastlege, heimetenester og sjukehus har same informasjon om kva legemiddel ein pasient brukar og strukturert, regelmessig tverrprofesjonell legemiddelgjennomgang for heimebuande pasientar med vedtak om legemiddelhandtering og for bebuarar i institusjon.

I framtida vil velferdsteknologi få ein større plass. Gjennom *rett* bruk av teknologi kan me sikra betre omsorgs- og behandlingstilbod godt tilpassa det enkelte menneske, samt at den enkelte og dei pårørande kan involverast i større grad. Velferdsteknologi kan bidra til at eldre kan bu lenger heime, redusera nokre innleggingar i sjukehus og frigjera helsepersonell til meir omsorg for og samvær med dei som treng det.

Eit grønt og mangfaldig Bømlo vil også vera eit sunnare Bømlo. Me ynskjer å styrkja barne- og ungdomsidretten og gjere det enklare å vere syklist på Bømlo. Miljøpartiet Dei Grøne vil satsa på førebyggjande helsetiltak, og styrkja helse-, pleie- og omsorgstenesta. Me vil leggja vekt på å sikra høg kompetanse for alle som arbeider i helse- og omsorgssektoren. Me vil leggja til rette for dagleg mosjon som gange, sykling og meir kontakt med naturen. Me vil støtta tiltak som skal stimulera til friluftsliv, særskilt tiltak retta mot born.

Miljøpartiet Dei Grøne ser naturen sin eigenverdi, og at den er ei svært viktig kjelde til opplevingar og menneskeleg trivsel. Friluftsliv i seg sjølv har ein påviseleg og positiv påverknad for både fysisk og psykisk helse.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Følga opp kompetanseutviklinga for tilsette innan helse og omsorg. Styrka kompetansen på ernæring og førebyggjande helsearbeid i kommunale helse- og omsorgstenester.
- Arbeida for at Bømlo kommune tek i bruk dei tiltakspakkane i «Pasientsikkerhetsprogrammet – I trygge hender 24-7» som gjeld kommunehelsetenesta.
- Ta i bruk velferdsteknologi der dette kan bidra til at enkeltpersonar som ønskjer det, kan bu lengre heime.
- Leggja til rette for stadar der ein kan møtast, drive sosial aktivitet, trening og oppleve naturen. Byggja offentlege toalett til bruk ved populære turløyper og strender.
- Arbeide for å sikre bebuarar på sjukeheimar og i omsorgsbustader tilgong på trening og trim
- Støtta arbeid med rydding av stiar og løyper i naturen, som både funksjonsfriske og personar med redusert funksjonsevne kan nytta
- Leggje til rette for at alle innbyggjarar kan få bu heime så lenge dei ynskjer det, og tilbydast tilstrekkeleg heimeteneste der det trengst og sikre korttidsopphald for dei som treng det. Sikre permanent plass på sjukeheim for sjuke og eldre når dette er til det beste for dei.
- Styrke kommunen si satsing på brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- Styrke tilbodet for rusmisbrukarar og psykisk sjuke
- Sjå på høve for å samarbeide interkommunalt om isbane

BORN OG UNGE

Samfunnet si viktigaste oppgåve er å sikre at barn og unge utviklar seg til skapande menneske med sjølvtrillit og sjølvinnssikt, og med forståing og vilje til å ta ansvar for seg sjølv og sine omgjevadar. Ein trygg oppvekst legg det avgjerande grunnlaget for eit godt liv.

Dei Grøne ønskjer å verne om barn si fritid og er imot heildagsskulen. Me meiner også at kommunen må legge til rette for at dei vaksne kan vere til stades for barn og unge. Det gjeld pedagogane, som ikkje bør påleggjast for mykje målstyring, testing og rapportering. Det gjeld også foreldra, som gjennom tiltak som 6-timars arbeidsdag, søskenmoderasjon, leksefritt småtrinn og gratis skulemat, får meir tid saman med barna sine.

Dei Grøne meiner læring på skje i varierte omgivnader og ta utgangspunkt i barn og unge sin ibuande evne og vilje til å lære. Me ønskjer at barnehage og skule skal sjå heile mennesket og ta vare på mangfaldet.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Innføre kommunal søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO
- Arbeide for leksefritt 1.-4. trinn
- At arbeidet i barnehage og skule skal baserast meir på trillit til pedagogar og fagtilsette sin kompetanse og mindre på byråkratiske ordningar og målstyring
- Styrkje dei praktiske og kreative faga som kunst og musikk i skulen. Leggja til rette for meir og variert fysisk aktivitet i grunnskulen.
- Legge til rette for parsellhagar ved alle skular og barnehagar.
- Ha trygge skulevegar i form av gong- og sykkelvegar
- Setje innemiljø for skuleelevar på dagsorden
- Styrkje tospråkleg fagopplæring i grunnskulen
- Legge til rette for møteplassar kor ungdom kan møtast på tvers av religion og livssyn
- Få til eit samarbeid mellom kulturskule, frivilligheita og SFO
- Unngå at våre private barnehagar kan ta ut store summar i overskot



KULTUR

Dei Grøne meiner kunstnariske uttrykk er ein sentral del av eit levande demokrati. Kultur har ein naturleg plass på offentlege budsjett, men kulturlivet i seg sjølv må vera fritt og uavhengig. Alle skal ha høve til å dyrka og oppleva kultur, og då er det viktig med ein lav terskel for både å kunne skapa og å gleda seg over eit mangfald av kulturuttrykk. Dei Grøne vil leggja til rette for dette gjennom å støtte lokale aktørar innan både breie og smale kulturuttrykk.

Bømlo har eit stort og omfattande kunst- og kulturmiljø. Kulturlivet sine utøvarar og institusjonar må sikrast god tilgong til utstyr, lokale og formidlingsarenaer. Mange startar sin kunstnariske utvikling i kulturskulen. Me vil styrkje dette tilbodet og sørge for at kulturskulen er mangfaldig, rimeleg og held høgt fagleg nivå. Me vil at alle born som ynskjer det skal få plass i kulturskulen. Og kulturskulen bør ha ein viss grad av tilgjenge òg i nærområda.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Sikre gode vilkår for Bømlo Kulturhus
- Styrke kapasiteten i kulturskulen
- Arbeide for å innføre aktivitetskort eller liknande ordningar for vanskelegstilte familiar i Bømlo
- Støtte kulturprosjekt der ungdom står for initiativ og gjennomføring
- Krevje ein grøn profil av kulturarrangement som vert støtta av kommunen
- Opne skular og offentlege bygg for foreiningar, kulturinstitusjonar, organisasjonar og lokale musikarar på ettermiddagen
- Styrke det frie kunstfeltet gjennom satsing på kommunale prosjektmidlar, stipendordningar og støtte til produksjonslokale
- Støtte kulturelle tiltak som stimulerer til god integrering av tilflyttarar frå inn- og utland

KANDIDATANE VÅRE VED LOKALVALET 2019

1. Kåre T. Spissøy (Spissøy)



- 2. Øyvind Landmark (Moster)**
- 3. Andreas Prinz (Rubbestadneset)**
- 4. Eli Tverborgvik (Nesse)**
- 5. Guadalupe Pinon (Uransvåg)**
- 6. Lars Økland (Urangsvåg)**
- 7. Brita Marie Servan (Bremnes)**
- 8. Linda Iren Østensen (Økland)**
- 9. Helene Spissøy (Spissøy)**
- 10. Gunnhild Grindheim (Lykling)**